

Ottar Grepstad

# *Den norske røynsla*

Stemnetale ved Slåttegraute i Bygland 31. juli 2011

Lyden av glas som rasar 15 etasjar ned. Skrika frå framtida av unge menneske som er fanga på ei øy. Synet av blomhav skapte av ein halv million menneske.

Den siste veka har vi sett og høyrte både det verste eit menneske kan gjere og det beste menneska kan utrette. Eit demokrati blei sett på prøve, eit lite folk henta fram sin sterke fellesskap. Hand i hand har den fellesskapen verna om demokratiet.

Vi høyrde og såg eit målretta politisk åtak mot regjeringsapparatet og eit statsberande parti med sin kjerne av ein heil generasjon talentfulle ungdomspolitikarar. Om to månader ville fleire av desse ha vore folkevalde politikarar. Om tjue år ville nokon ha vore ordførarar og stortingsrepresentantar i lang tid. Bomba i gata og skota på øya var retta mot dei som gjer sitt daglege arbeid for folkestyret og mot kvar og ein av dei som skulle bli framtida. 33 av dei drepne hadde ikkje ein gong røysterett i år.

Dei skulle overleve mange av oss. I all sin død vil dei overleve oss alle.

Av alle skapningar på jorda er mennesket det mest kompliserte, sa ein politimann alt før nokon visste noko særleg. Av alt mennesket har konstruert, er demokratiet noko av det enklaste, skjøraste og mest innfløkte. Prinsippet er enkelt: Kvar menneske har ei stemme når avgjerder skal takast. Praksis er komplisert: Fleirtalet avgjer, men må respektere mindretalet. Det skjøre er

vedlikehaldet: Demokratiet er på val – ikkje berre kvart fjerde år, men kvar dag og gjennom kvar einaste politiske gjerning.

Eitt av dei spørsmåla som gjekk att desse første dagane, var om Noreg kan bli som før. Nei, svara mange. Altfor mange svara nei. Kva Noreg er om ti eller tretti år, er opp til kvar og ein av oss. Mange har brydd seg før oss. Difor har Noreg endra seg. Noreg har aldri vore som før.

Som demokrati og rettsstat er Noreg eit heilt anna samfunn no enn for 200 år sidan. Den gongen blei Hans Nielsen Hauge arrestert, dømd og fengsla fordi han hevda andre læresetningar enn dei som blei godtekne av kyrkja og det dansknorske regimet. For 150 år sidan blei avisredaktørar tiltalte fordi dei skreiv kritisk om statsmakta. Det er berre 100 år sidan Noreg forneakta det fleirkulturelle ved å forby skuleundervisning i samisk. For 50 år sidan styrte partipressa hardhendt og effektivt den offentlege debatten.

Noreg i morgon blir slik vi vil dette samfunnet skal vere. Noreg endrar seg når mange nok bryr seg og skaper eit varmt, tolerant og reelt fleirkulturelt samfunn.

## **Behovet for å bry seg**

Stemme som dette er ein sterk tradisjon i det demokratiet som no blei sett på prøve. Frå 1860-åra skipa dei nye folkehøgskulane store utemøte for å få folk i tale. Gradvis blei det ein meir open politisk diskusjon, og frå same tid tok den prosessen til som har gjort Noreg til eit gjennomorganisert og dermed robust samfunn. Folkemøta og stemna var ein nødvendig føresetnad for demokratiseringa av det norske samfunnet. Målrørsla og mange andre har halde stemnetradisjonen i hevd og skapt møtestader som Slåttegrauten i Bygland.

Det å møtast fleire i lag er eit uttrykk for at ein bryr seg om kvarandre, om meir enn seg og sitt. Når vi set kvarandre stemne, er det for å ta vare på noko av

den fellesskapen eit samfunn ikkje kan klare seg utan. Den fellesskapen krev ikkje berre at mange snakkar saman. Den krev også at nokon vil snakke på vegner av andre.

Difor er ikkje politikk berre eit gode. Politikk er heilt nødvendig. Den som ikkje vil ha mjølk, kan drikke kaffi. Den som ikkje vil ha brus, kan drikke vatn. Men den som ikkje vil ha politikk, har ikkje noko alternativ. Nokon *må* representere veljarane, gjere dei vanskelege vala, ta avgjerdene. Bli makt då misbrukt, skal fellesskapen seie frå. Like tydeleg bør fellesskapen no fjerne seg frå politkarforakt, generell misnøye og retningslaus kritikk. Dei siste dagane har vi sett kor gode politikarar dette landet har.

Politikarar må vere viljuge til å meine noko. I verste fall må dei jamvel stikke seg fram. Rundt forbi er der nok av dei som har laga seg eit ellefte bodord: Du skal ikkje stikke deg fram. Det er eit fælt bodord. Viss ikkje du skal stikke deg fram, kven skal då gjere det? Nokon *må* stikke seg fram for at andre skal kunne la vere. Nokon *må* bry seg. Nokon *må* ta stilling og snakke på vegner av andre eller på vegner av ei sak, ein ideologi eller ei tru. Difor stiller tusenvis til val som lokalpolitikarar om nokre veker.

Det kan aldri bli for mange som bryr seg eller som er viljuge til å delta i store og små ordskifte. Men det er alltid for mange som sit heime på valdagen eller sit ved kjøkkenbordet og feller den kategoriske dommen om korleis ting burde gjerast. Fleire må vere med og snakke på vegner av andre, det vil seie på vegner av oss.

Skrika frå Utøya gjorde det umogleg ikkje å bry seg. Vi brydde oss desse første dagane. Det må vi halde fram med. Å bry seg er det korte ordet som aldri sluttar.

## Verdien av tvil

Få ting i denne verda er lettare enn å vere sikker i si sak. Dagleg høyrer vi ropa frå dei som er heilag overtydde om at dei har rett. Dei har lagt argumenta bak seg og har heva seg over all tvil. Dei finst i søkk og kav, i verda den vide, i Noreg, i kvar dal og strand. Vi skal tole å vere usamde. Vi skal også tole kritikk mot den styreforma Noreg har utvikla over lang tid, mot det fleirkulturelle samfunnet vi alt har vore i fleire tusen år, mot alt. Den toleransen skal vere reell, men ingen toleranse rommar krenking av menneskeverd eller valdsbruk.

Der det er makt, er det også i prinsippet misbruk av makt. Demokratiet er den einaste styreforma som set tvilen i system. Noka lytefri styreform er heller ikkje demokratiet, men til no har ingen klart å kome opp med noko betre. Demokratiet greier seg ikkje utan mange politikarar som vil og fleire veljarar som bryr seg.

Sjeldan er faren større for å gjere feil enn når ein er brennsikker i si sak. Difor fortener dei politikarane respekt som opent seier dei tvilar. Den respekten får dei sjeldan. Veljarane vil ha folk som bestemmer seg like raskt som dei sjølve gjer. Dette er eitt av paradoksa i den demokratiske styreforma. Demokrati er ein kamp om fleirtalet, og for å vinne fleirtal, må nokon endre meining. Det er heilt greitt at veljarane gjer det, og det gjer dei. Ved kvart einaste val skiftar hundretusenvís av veljarar meining og røystar på eit anna parti enn sist. Politikarar, derimot, politikarar som er i tvil eller skiftar meining, føyser dei same veljarane gjerne unna som vinglepavar.

Eitt anna paradoks ved styreforma vår er at demokrati utan opposisjon kan bli eit fleirtalstyranni. Å vere i opposisjon er ikkje berre legitimt. Det er politisk og intellektuelt nødvendig. Demokratiet har sine innebygde mekanismar for dette. Dei mekanismane rustar og smuldrar opp om dei ikkje blir konsekvent tekne vare på. Blir dei det, kan ikkje ein gong eit heilag overtydd mindretal skade strukturane og systema, men som vi har sett, dei kan ta menneska.

Radikale muslimar og andre som kritiserer vestlege samfunn for at dei har gjort ytringsfridom til ein verdsleg religion, har noko rett. Når vi er så bokstavtru i forsvaret vårt for ytringsfridom, er det fordi vi fryktar at så lite skal til for å skippe prinsippa for ytringsfridom. Nettopp difor trengst også kritikken. Likeins kan det godt hende at demokratikritikarar frå det ekstreme høgre har rett i at dei ikkje får kome til orde der det gjeld. Det kan dei heller ikkje vente før dei klargjer sine grenser og prinsipp. Respekt for usemje inneber også aksept for demokrati.

No blir det vanskelegare å vere i mindretal. Det kjem til å krevje meir å stå imot tiltak som ”av sikkerhetsmessige grunner” utvidar rettsstatens grenseland og innsnevrar rettane. Å vere for openheit vil krevje meir enn det er mogleg å tenkje seg i dag. Meir enn på lenge treng vi dei som tvilar.

## **Lyden frå rettsstaten**

Å vere usamde om dei små spørsmåla krev lite. Det er når liv og demokrati står på spel at det blir vanskeleg.

Rettsstaten Noreg er meir liberal på nokre punkt enn for nokre tiår sidan, men ikkje på alle. Vi som var aktive ungdomspolitikarar i 1970-åra og som gjorde våre lærdomar i demokratisk liv på Utøya og andre stemnestader, på Sundvollen Hotell og andre overnattingsstader, kunne gå fritt inn og ut av Stortinget. Grensa mellom demokrati og kvardag var fråverande. Skiljet mellom makt og meining var umerkeleg. Deltakar og tilskodar gjekk om kvarandre.

Så kom dei første politiske attentata. Ikkje i 2001, men i 1975. Det året smelte unge høgreekstreme av ei bombe mot eit førstemaitog i Oslo. Den var mest av alt eit skremmeskot. Seinare kom det meir, litt i Noreg, uendeleg mykje i Nord-Irland, Tyskland, Spania. Dermed var også vårt samfunn på veg mot

1984, og nokre år etter kom attentatet mot ein forlagssjef. Noreg var ikkje som før.

Å styrkje demokratiet er å forsvare det opne samfunnet. Det dreiar seg om mykje meir enn den opne og politiske debatten. Vi kan ikkje overvake oss til demokrati. Det opne samfunnet kan ikkje og skal ikkje styrast gjennom overvaking. Den smadra fasaden i regjeringskvartalet kan stå som eit symbolsk uttrykk for at demokrati er å ta sjansar. I dette ligg at alle blir vist den same tilliten og retten til å delta. Demokrati er skjørt og inneber risiko. Svaret er ikkje å gjere væpna politi daglegdags, raffinere tryggingindustrien eller å overvake endå meir. Etter Lund-kommisjonen sa eit unisont parlament nei til politisk overvaking. Misgjerninga til den eine kan diverre ikkje rettferdiggjere mistenkeleggjering av alle. Sjølv ikkje no.

Det talar til demokratiets fordel at ingen overvakingssystem oppdaga den sikta. Han offentleggjorde kritikk mot det fleirkulturelle samfunnet som han ikkje var åleine om og som det verken skal vere kriminelt eller mistenksamt å hevde. Fire av ti nordmenn er skeptiske til det dei meiner kan bli følgjene av innvandring. Å meine og vinne tilslutning på demokratisk vis er legitimt. Å gjere det ved å bruke vald eller misbruke makt er ikkje legitimt og har ikkje vore det på lang tid i Noreg.

Demokrati tek tid, rettsstat set grenser. Begge delar må til for at avgjerdene skal kjennast rette ikkje berre når dei blir tekne, men i all ettertid. Når vi er som sikrast, gjeld det å tenkje etter om vi gjer det som no er rett å gjere.

Det gjorde mange i Tyskland då Baader-Meinhof-banden og andre grupper i 1970-åra gjekk til væpna aksjonar mot dei skjøre institusjonane som var bygde opp etter 1945. Desse institusjonane var nok skjørare enn dei norske er i dag. I hopetal gjekk tyskarane djupt inn i ein diskusjon om korleis rettsstaten best kunne forsvarast. Ein så grundig debatt får også vi bruk for no. Sommarleiren om politikk for nokre hundre unge er alt blitt ein sommarskule i

demokrati for eit heilt folk. Svart juli 2011 vil etter kvart krevje presise analysar og fornya argumentasjon for den demokratiske rettsstaten. Besverjingar er nødvendige, men rekk ikkje langt nok når vi no skal finne ut kva demokratisk respekt og fast openheit inneber.

## **Den norske røynsla**

Samhald, fellesskap og kjærleik til kvarandre inneber slett ikkje at alle er samde om alt. Der usemja herjar og prinsippa står på spel, treng demokratiet system som er robuste nok til å tole konflikt.

Verda rundt blir ofte kulturelle konflikhtar løyste med hærverk, vald, overgrep. Slik var det også lenge her til lands. Det høgreekstreme åtaket på eit parti, eit demokratisk system og eit fleirkulturelt samfunn utløyste eit behov for å halde fast ved den norske veremåten. I den ligg ei robust form for konfliktløysing. Noreg har brukt langt tid på å finne fram til denne måten å løyse konflikhtar på. Difor er ikkje Noreg som før.

Arbeidarrørsla har gjort sitt. Det har også andre.

Ein av dei grunnleggjande konfliktane som gjorde dette nødvendig, var den langvarige striden om det norske. Fleirtalsoppfatninga av det norske har ofte vore utfordra. Språket har vore eit prisme for denne konflikten om det norske, og reaksjonane har vore så ymse.

Lenge var den norske språkstriden alt anna enn ein strid for det fleirkulturelle og fleirspråklege samfunnet. For dei fleste stod det om kva språk som skulle vere gjeldande i det eittspråklege Noreg: riksmål eller landsmål, bokmål eller nynorsk. Dette spørsmålet var så tett knytt til grunnleggjande verdiar i den tids Noreg at ein kulturell konflikt tok fyr.

Hausten 1913 gjekk fleire hundre osloundomar til valdelege aksjonar då Det Norske Teatret hadde sine første framsyningar i byen. Gjorde dei det fordi

teatret skjenda kyrkja, kongen eller fedrelandet? Nei, kongen var sjølv til stades på premieren. Sjikanerte teatret folk og kjønn, livssyn og legning? Nei, på plakaten stod *Jeppe paa berget*. Det var det som var problemet. På plakaten stod ikkje *Jeppe paa bjerget*. Ein bokstav var teken ut av bjerget. Bokstaven *j* var borte. Det var nok. Verken Jeppe eller Nille snakka lenger dansk. Dei snakka landsmål. Der gjekk grensa for tenåringane og tjueringane i Oslo. Dette språket skulle ikkje finnast i deira by og det dei meinte var deira land.

Ei heil veke til ende var det gateslagsmål. “Vi har opna eit teater på landsmål i Oslo og kome frå det med livet”, sa Hulda Garborg etterpå. Det stod ikkje om livet, men dei handla med språket som innsats. I hundreåret som følgde, blei det brent mange bøker, særleg ordlister. Å brenne ordlister er å ville utrydde eit språk og fjerne ein tradisjon. Det er ikkje tvilaren som set fyr på bøker og verda. Det gjer berre den som er brennsikker på at han og ingen andre har rett.

Nynorskbrukarar har måtta tole mykje sjikane, skjult og open diskriminering. Trass i slike overgrep og udemokratiske handlingar har målfolk stort sett berre teke att med ord, ikkje med vald. Ein viktig grunn er at Noreg har gjort spørsmålet om språk til ei sak som blir avgjort lokalt. Like sidan 1892 har skulestyre, sokneråd og kommunestyre kalla inn til folkemøte og folkerøystingar og gjort sine vedtak. Gjennom mange tusen folkerøystingar og endå fleire legitime vedtak i folkevalde organ har hundretusenvis av nordmenn teke del og sagt si meining. Difor heng språk og demokrati tettare saman i Noreg enn i dei fleste land på jorda.

Sakte, men sikkert har striden om språket vore med og gitt oss det som kan kallast den norske røynsla. Kulturelle konflikter kan og bør løysast utan vald. Med sine ikkjevaldelege aksjonar dei siste dagane har det norske folk vist verda den vide kva det er mogleg å oppnå med den norske røynsla. Den røynsla kjem godt med når nordmenn skal finne ut meir om livet i det fleirkulturelle.



Om to år kan vi feire denne norske røynsla. Då er det hundre år sidan gateslaget om språket i Oslo og 200 år sidan Ivar Aasen blei fødd. Arbeidet er i gang med å gjere 2013 til eit nasjonalt språkår. Det skal bli ei raus feiring av språklege skilnader som kan gjere mange i dette landet stolte av at vi har meir enn eitt skriftspråk og meir enn ein kulturtradisjon. Det må bli sjølvsagt for flest mogleg at det norske alltid har vore mangfaldig og fleirtydig.

Berre det som er sjølvsagt, seier seg sjølv. Så sjølvsagt er demokratiet blitt i Noreg, så grunnfesta er den norske røynsla, at ein stor fellesskap reagerte spontant og handla kontant. På få timars varsel møttest fleire hundre tusen nordmenn med blomar. Så overtydde var dei om kva som gjaldt. Den overtydinga må bli med inn i kvardagen der vi på ny skal vere i tvil og usamde om kva som rett å gjere.

## **Prinsippet håp**

Den 22. juli 2011 har biskop Ole Chr. Kvarme kalla den lange fredagen. Sjølv den dagen viste håpet seg få sekund etter at det small.

Ein fotohandlar i Oslo greip eit videokamera og sprang inn i Grubbegata. Han trakka på knust glas og ropte ut det håpet som den menneskelege eksistens byggjer på. “Hallo!” ropte han. Nei, det var ikkje eit rop, ikkje eit utrop. Det var eit spørsmål full av tvil. Det han såg av blødande menneske, knuste vindauga og smadra fasadar, tilsa at håpet var ute. Likevel håpa han.

“Hallo?” spurde han, “er det noen som trenger hjelp?”

Ingen svara. Ikkje då.

Lyden frå menneske som spring over knust glas gir tyngd til prinsippet håp. Knuste fasadar toler demokratiet, men berre eit sterkt folkestyre toler politisk massedrap. Eit slikt folkestyre treng fleire som bryr seg, gjerne fleire

som er i tvil, og mest av alt mange som vil endre samfunnet gjennom verbal dialog og fredeleg debatt.

Den som er skråsikker, risikerer å forgripe seg på retten til å vere noko anna, tenkje noko anna, skrive noko anna enn det andre gjer. Vi er alle i skiftande fleirtal og mindretal, alt etter kva vi gjer, kva vi meiner og kvar vi er. Difor må nokon kvar av oss stemme, stemme i, seie vårt. På demokratisk vis gjer vi då vårt slik at ingen må springe over knust glas og fortvila spørje om demokratiet treng hjelp. Den norske røynsla er at vegen til det liberale demokratiet aldri tek slutt.